

Øyrehanen Sunde med meir om Mowatane

30.03.2010



Professor Jørn Øyrehanen Sunde og professor Barbara Crawford frå Skottland under det historiske seminaret i fjor haust. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Historisk rådgjevar for Baroniet, og professor i rettshistorie ved Universitetet i Bergen, uskedelingen Jørn Øyrehanen Sunde, har i mange år forska på Mowatane si historie, og dei er gjeve ein stor plass også i kulturprogrammet i 2010.

Utstillinga i Vinkjellaren i år er Vegen over havet - frå Mowatane på Shetland til Baroniet Rosendal. Den opnar allereie 12. mai og står ope til og med 5. september.

Øyrehanen Sunde skal i samband med opninga også halda foredrag om temaet, som var sentralt under det historiske seminaret i september i fjor. Der deltok det foredragshaldarar frå begge sider av Nordsjøen og Øyrehanen Sunde fortalte særleg om Anders Mowat som etablerte seg med familie både på Shetland og i Sunnhordland.

Baroniet kan elles by på eit svært imponerande kulturprogram også for 2010 og her er nokre av dei som kjem til Rosendal dette året: Herborg Kråkevik, Lill Lindfors, Ketil Bjørnstad, Bjørn Eidsvåg, Tine Thing Helset (brassensembla), Edvard Hoem (foredrag om Bjørnson), Sigrid Lien, Susanne Sundfør, Theatre Set-Up (Kjøpmannen i Venedig), Sissel Kyrkjebø/Trygve Brøske, Leif Ove Andsnes, Geir Flatabø, Sigvart Dagsland, Kjell Arild Pollestad, Randi Stene, Håvard Gimse, Gunnar Danbolt, Karoline Krüger, Kari Bremnes/Bengt Hanssen og Anne Grete Preus.

Under årets historiske seminar skal Jørn Øyrehanen Sunde halda foredrag om gudstru i Nordhordland og Sunnhordland på 1600- og 1700-talet.
Seminaret blir halde 28. august.

Av Ola Matti Mathisen